



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2394 - 17/25226

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2017

## Oversending av søknad til uttale gbnr 137/548 Alver

Saka gjeld søknad om dispensasjonar frå pbl § 1-8, byggjegrænse mot sjø, og for arealføremålet i kommunedelplan for Alversund og Knarvik.

### Planstatus

Tomta ligg innafør kommunedelplan for Alversund og Knarvik og er sett av til LNF-føremål.



### VURDERING

#### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon med slik grunngeving:



### **Begrunning for dispensasjonssøknad:**

Vi har budd her på Nedre Alver sidan 1999, og erfarte tidleg at tomten påførte oss ein del utfordringar i h.t. parkering, snuplass mm. Vi merka særleg vanskane når det gjeld større køyretøy eller besøkande. Planlagt plasseringa av garasjebygget er einaste muligheten, slik vi ser det, for å få utvida snu og parkeringsplass på tomten.

Tomten vår er bratt, og det har vore viktig for oss å hindre at jord glir ut, og at septiktank og pumpeårn står trygt/ ikkje glir ut. Dette vil bli sikra med mur.

Vi kan ikkje sjå at dette prosjektet vil medføre:

- at allemansretten til å komme til sjø vil bli forhindra
- hindringar i h.t. eksisterande gangsti og tilkomst gjennom marka mot Mangerbua
- evtnt. uttak av skog eller anna landbruksføremål
- redusera utsikt for nabo

Det omsøkte området vert ikkje brukt til LNF formål pr. i dag.

### **Garasje:**

Vi ønskjer å erstatte eksisterande carport med garasje på eigedomen, plassert slik at vi får utvida og betra snuplass og parkering. Tomten vår har ei heller "trong form" og i eit bratt parti, slik at det er vanskeleg å sjå alternativ løysing. Det vil og betra omsyn til vedlikehald av bil.

### **Bod for verktoy:**

Vi ønskjer å byggja ei utebod, for oppbevaring av material og anna som vi ønskjer å ta vare på. Den vil liggje på nedsida av tenkt garasje, og vil ikkje vera til hinder for nabo eller ta utsikt. Vil også være med på å sikre septiktank og pumpeårn.

### **Vindfang:**

Vi ønskjer å byggje eit lite vindfang som påbygg til eksisterande bustad. Dette for å gjera inngangspartiet i huset meir praktisk, og redusera straumforbruket.

### **Platting og nedgang til kjeller.**

I tilknytning til garasje ønsker vi å bygge ei platting, med trapp/landgang mot nedsida av huset.

## **Frist**

Vi ber om uttale i saka. Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - gbnr 137/548 Alver

Teikningar

Nabovarsel

Naboerklæring

**Kopi til:**

Øystein Mongstad

Nedre Alver 43

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen